

Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 17.04.2018

Torgeir Toppe (A) stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er rektor på den avdelinga av Folkeuniversitetet som er kursarrangør for utdanninga i Hordaland som Folkeuniversitetet Øst søker om midlar til. Toppe gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Utval for opplæring og helse vedtok samrøystes at Torgeir Toppe var inhabil jfr. forvaltningslova § 6 2. ledd.

Torgeir Toppe gjekk frå under behandlinga av saka.

Alexander Fosse Andersen (SP), Daniel Charles Hextall (SV), Rosalind Fosse (FRP) og Dan Stian Femoen (H) stilte spørsmål om dei var inhabile fordi dei er medlemmer av Hordaland fagskulestyre. Dei gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabile. Utval for opplæring og helse vedtok samrøystes at Alexander Fosse Andersen, Daniel Charles Hextall, Rosalind Fosse og Dan Stian Femoen ikkje var inhabile.

Dei tiltredde saksbehandlinga. Det var 14 representantar til stades.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Følgjande prinsipp for tilskotsordning for fagskuleutdanning i Hordaland vert vedteke:
 - Finansieringa vert gitt med eit grunntilskot (80 %) og eit resultatbasert tilskot (20 %)
 - Lik sats for like tilbod uavhengig av om fagskulen er offentleg eller privat
 - Tilboda skal vere stykkprisfinansiert, men i det praktiske arbeidet vil ein operere med grupper. Det vil seie at dersom ein t.d. gir tilskot til 15 studentar, så vert dette vidareført for denne gruppa i minst eitt år.
 - 2 satsar: 1 for stadbasert og nettbasert med fysiske samlingar, og 1 for reine nettbaserte tilbod
 - Det blir gitt 80/20 finansiering for **nye** studentar hausten 2018.
 - I 2019 vil tilbydarane få resultatbasert tilskot basert på studiepoengeiningar (60 stp) produsert i 2017.
 - Studentane vert talt éin gang i året – studenttallet per 1. oktober kan danne grunnlaget for tilskot kvart år.
-
2. Følgjande satsar vert vedteke for fagskuleutdanning i helse- og sosialfag:
 - Stadbasert – 81 000,-
 - o 80 % - 64 800,-
 - o 20 % - 16 200,-
 - Nettbasert – 56 000,-
 - o 80 % - 44 800,-
 - o 20 % - 11 200,-
3. I 2018 vert tilbod som er starta opp under tidlegare tilskotsordning vidareført med same satsar og reglar som før.
4. Fordeling av tilskot for fagskuleutdanning innan helse- og sosialfag hausten 2018 vert vedteke som følgjer:

Tilskot til fagskuleutdanning innan helsefag hausten 2018				Nye grupper	Totalt tal		
Fagskule	Utdanningstilbod	Omfang	Søkjartal	H-18	grupper V-19	Studiestad	Kostnad H-18
AOF Hordaland - Sogn og Fjordane							
	Ernæring i pleie og omsorgstjenester	30	25	0	0	Bergen	-
	Demensomsorg	30	13	1	1	Bergen	324 000
	Psykisk helsearbeid	60	26	1	2	Bergen	324 000
	Miljøarbeid i teneste for mennesker med utviklingshemming	60	19	0	0	Bergen	-
	Miljøarbeid i teneste for mennesker med utviklingshemming	60	29	1	2	Stord	324 000
Fagskolen i Hordaland							
	Psykisk helsearbeid og rusarbeid	60	16	1	2	Bergen	324 000
	Rehabilitering	60	8	1	1	Bergen	324 000
	Spesialreinhald og sterilforsyning	60		0	1	Bergen	-
Folkeuniversitetet Øst							
	Psykiske lidelser og aldring hos personer med utviklingshemming	60	5	0	0	Bergen	-
	Rehabilitering	60	1	0	0	Bergen	-
Fagskolen aldring og helse							
	Demensomsorg og alderspsykiatri	60	32	0	0	Bergen	-
	Utviklingshemming og aldring	60		0	0	Tønsberg	-
	Demensomsorg og alderspsykiatri	60		0	0	Tønsberg	-
Sum				5	9		1 620 000

5. Administrasjonen vert gjeve mynde til å fordele eventuelle nye studieplassar etter søknad til Kunnskapsdepartementet når svar ligg føre.
6. Tilskot til fagskuleutdanning innan helse- og sosialfag ved Fagskolen i Hordaland vert gjeve over fylkesbudsjettet frå om med 2019.